



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/3111-3

18.07.2016

Stord kommune - Kommunedelplan E 39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita - Motsegn frå Statens vegvesen region vest og Fylkesmannen i Hordaland -

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har motteke kommunedelplan for E 39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita i Stord kommune for avgjerd grunna motsegn til planen frå Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen.

Forslaget til kommunedelplan for E 39 parsell Heiane – Ådland/Nordre Tveita, forbi Leirvik, er utarbeidd med fire alternativ.

Alternativ 1 er ei utviding av eksisterande veg, som Statens vegvesen har motsegn til grunna manglande standard i høve til overordna føresetnader.

Alternativ 2, 4 og 5 er nye trasear. Alternativ 2 ligg nærmast til eksisterande veg. Alternativ 4 og 5 følgjer same trase lengre inn i natur- og friluftsområda enn alternativ 2; alternativ 4 med kort tunnel og alternativ 5 med lang tunnel. Statens vegvesen har motsegn til alternativ 5 grunna i kostnader. Fylkesmannen i Hordaland har motsegn til alternativ 2, 4 og 5 grunna i konflikter i høve til trekkorridor for vilt og eit område med fattig boreonemoral regnskog.

Vi ber om ei rask avgjerd om kven som skal være dykkar sakshandsamar i saka, og vil deretter ta kontakt for å avtale dato for møte og synfaring.

Vi minner om at høyringsuttale i saka skal sendas til Kommunal- og moderniseringsdepartementet innan tre veker etter at synfaringa er gjennomført.

Sakens dokumenter er vedlagt dette brevet.

Med helsing

Bjørn Casper Horgen (e.f.)
avdelingsdirektør

Frode Davidsen
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi:
firmapost-vest@vegvesen.no
Fylkesmannen i Hordaland
hfk@hfk.no
Postmottak
Stord kommune

Adresseliste

Klima- og miljødepartementet	0030	OSLO
Samferdselsdepartementet	0030	OSLO

Vedlegg 14